

# Regional strategi for tettstadutvikling og senterstruktur

## Oppsummering av innkomne innspel ved høyringsfrist

<b>1. Sogndal næringsforeining og Sognnæring (separate, men likelydande innspel)</b>	
<b>Høyringsinnspel:</b>	<b>Innstilling frå Fylkesrådmannen</b>
Strategien må sikre utviklinga i alle regionsentra etter 2020, og at Sogndal og Førde då er likeverdige regionsentra.	Ikkje tatt til følge. Førde har funksjon som fylkessenter. Grunngeving for dette er gitt i FU- sak 2/18. Førde er sett som fylkessenter i Fylkesdelplan for arealbruk (2000) og i Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesentra (2017). Innspelet kan evt. vurderast når fylkesdelplanen inkl. planføresegn vert revidert.
Det er viktig at strategien omtaler dei viktige offentlege arbeidsplassane i Sogndal og på Leikanger som må sikrast og utviklast i regionreforma.	Tatt til følgje. Offentlege arbeidsplassar i Sogndal/ Leikanger er særskilt nemnt i avsnitt «Status og drivkrefter» under 4.1. I tillegg er rolla presisert under kap “4.2 Retningslinjer”, andre punkt.

<b>2. Leikanger kommune</b>	
<b>Høyringsinnspel:</b>	<b>Innstilling frå Fylkesrådmannen</b>
<p>Strategi for senterstruktur og tettstadutvikling i Sogn og Fjordane skal bidra til livskraftige regionar og tettstader i alle deler av fylket. I dette har regionsentra ei viktig rolle.</p> <p>Leikanger kommune støttar Sogndal sin status som regionsenter i Sogn.</p> <p>Leikanger kommune støttar at regionsentra og regionsenterkommunar må styrkast i si rolle som motorar for utvikling. Dette handlar bl.a. om lokalisering av offentleg-administrativ verksemd og styrking av fellesinstitusjonar som tener næringsliv og innbyggjarane i regionen.</p> <p>Leikanger kommune støttar uttale frå fellesnemda i nye Sogndal kommune om at strategi for senterstruktur og tettstadutvikling må synleggjere Leikanger sin status som administrasjonsstad for fylkeskommunal og statleg forvaltning i Sogn og fjordane, og i ein ny Vestlandsregion.</p> <p>I strategiens omtale av senterstruktur bør følgjande leggest til: Sogndal er regionsenter i Sogn, og vil saman med administrasjonsstaden Leikanger vere ein sentral lokaliseringsstad for</p>	<p>Tatt til følgje.</p> <p>Offentlege arbeidsplassar i Sogndal/ Leikanger er særskilt nemnt i avsnitt «status og drivkrefter» under 4.1. I tillegg er rolla presisert under kap “4.2 Retningslinjer”, andre punkt.</p>

offentleg-administrativ verksemd, også for den nye vestlandsregionen.	
---	--

<b>3. Nye Sogndal kommune, ved Fellesnemda</b>	
<b>Høyringsinnspel:</b>	<b>Innstilling frå Fylkesrådmannen</b>
<p>Sogn og Fjordane fylkeskommune må vere tydelege på at region Vestland vil innehalde ei rekke regionsenter, desse regionsentra vil ha ein viktig utviklarrolle i sin region. Sogndal har vore regionsenter og vil vere eit viktig regionsenter i det nye fylket. Regionsentra må styrkast som motorar for utvikling i sine regionar.</p> <p>Sikring og styrking av dei offentlege arbeidsplassane i Leikanger, Balestrand og Sogndal er ein naudsynt føresetnad for å utvikle Sogn i region Vestland.</p> <p>Leikanger bør, som del av Sogndal kommune frå 01.01.2020, verte meir tydeleggjort som administrasjonssenter for offentlege tenester i region Vestland.</p>	<p>Tatt til følgje.</p> <p>Sogndal er regionsenter i Sogn, Førde er regionsenter i Sunnfjord og Florø er regionsenter på kysten.</p> <p>Tatt til følgje ved at offentlege arbeidsplassar i Sogndal/ Leikanger er særskilt nemnt i avsnitt «status og drivkrefter» under 4.1. I tillegg er rolla presisert under kap “4.2 Retningslinjer”, andre punkt.</p>

<b>4. Vik kommune</b>	
<b>Høyringsinnspel:</b>	<b>Innstilling frå Fylkesrådmannen</b>
<p>Sterkere bu- arbeids og serviceregionar er avhengig av eit optimalisert og samkøyrd kollektivsystem slik at også ytterkantane får tilfredstillande tilbod til dag pendling internt i regionen med omsyn til skule og arbeid. Det same gjeld inn og ut av regionen med t.d. flyruter kopla til tog, buss og ferje.</p>	<p>Delvis tatt til følgje.</p> <p>Temaet er behandla i Regional transportplan 2018-2027, under punkt 5.4 om Ruteproduksjon.</p>

<b>5. Førde kommune</b>	
(Innspelet frå Førde er administrativt saksframlegg, som skal vedtakast i samfunns- og utviklingskomiteen (15 mars) og deretter bystyret (22 mars))	
<b>Høyringsinnspel:</b>	<b>Innstilling frå Fylkesrådmannen</b>
<p>Førde kommune er glad for at Førde framleis har status som fylkessenter men registrerer likevel at omgrepet fylkessenter ikkje er gjort nærare greie for og at rolla som fylkessenter ikkje har noko spesifikt innhald.</p> <p>Førde kommune saknar særleg den rolla Førde som fylkessenter kan spele i framtida med tanke på folketalsutvikling, urbane sentrumsmiljø, vekstmotor og regional samarbeidspart.</p>	<p>Tatt til følgje.</p> <p>Førde si rolle er meir utfyllande omtala under kapittel “4.1 Status og drivkrefter”, andre avsnitt. I tillegg er rolla presisert under kap. “4.2 Retningslinjer”, første punkt.</p>
<p>Sunnfjord får to nye kommunar - Kinn kommune og Sunnfjord kommune , og det blir etablert eit nytt fylke på Vestlandet. Strategien for senterstruktur og tettstadutvikling seier ingenting om dette. Førde kommune finn dette underleg ettersom rolla som samfunnsutviklar og regional aktør både for dei nye kommunane og det nye fylket openbart vil endre seg.</p>	<p>Delvis tatt til følgje.</p> <p>For Førde og Sogndal – Leikanger er presisert under kap 4.1 «Status og drivkrefter» at desse sentra vil vere naturlege lokalisingsstader for offentleg-administrativ verksemd i det nye fylket på Vestlandet.</p>

	Mogleg endra funksjon i Kinn kommune vert omtala i same kapittel, tredje avsnitt.
Førde kommune har tidlegare vedteke ein høyringsuttale om strategiarbeidet. Her poengerte bystyret eit ønskje om å tydeleggjere behovet for klimaomstilling, auka merksemd om Førde som regionsenter og behovet for utbygging av vegnettet utanfor Førde sentrum (E39 og RV5) samt peike på regionen sitt potensiale innanfor forskning og utdanning. Førde kommune ber om at desse tilhøva vert drøfta i strategien eller i komande Regional plan for arealbruk.	<p>Delvis tatt til følge.</p> <p>Klima vert dekkja av regional plan for klimaomstilling.</p> <p>Behovet for utbygging av vegnettet blir ikkje vurdert som vesentlig i denne strategien, men bør heller spelast inn ved revidering av RTP.</p> <p>Førde som regionsenter og potensialet innan FoU er behandla under punkt "4.1 Status og drivkrefter", avsnitt 2, samt i retningsliner for sterkare bu-arbeids og serviceregionar.</p>

<b>6. Askvoll kommune</b>	
<b>Høyringsinnspel:</b>	<b>Innstilling frå Fylkesrådmannen</b>
Det er summen av tilbod i Dale og Askvoll som kan utgjere eit utfyllande grunnlag for eit BAS-senter. Dei to sentra Askvoll og Dale bør sjåast som eit fleirkjernesentrum for området, på same måten som det er gjort i delar av Nordfjordregionen.	<p>Ikkje tatt til følge.</p> <p>Slik vi forstår fylkesutvalet, jf. FU sak 2/18, er det å ha ein vidaregåande skule eit av kriteria for å vere eit bas senter.</p> <p>I tillegg vil folketal og pendlemønster, omfang og mangfald av offentleg tenesteyting, handel- og næringsliv vere viktig som vilkår for å vere senter i BAS.</p> <p>Ut frå målsetjina med strategiarbeidet, og av omsyn til vekstvilkåra for fylket som heilskap er det eit poeng å avgrense talet BAS-senter. Det er lite som skil Askvoll frå andre (kommune)senter i fylket som ikkje er inkludert som BAS-senter, og det er vanskelig å argumentere for at Askvoll bør inkluderast som BAS-senter utan at mange andre stader og samstundes vert BAS-senter.</p>

<b>7. Fjaler kommune</b>	
<b>Høyringsinnspel:</b>	<b>Innstilling frå Fylkesrådmannen</b>
Ut frå kriteria om offentlege arbeidsplassar, privat næringsliv, folkesetnad, vidaregåande skule og geografi ser vi Dale som det	Tatt til følge.

naturlege BAS-senteret i regionen. Eit slikt vedtak vil vere ei stadfesting av det eksisterande.	Jamfør vedtak i fylkesutvalet (sak 2/18). Endringa er innarbeidd i strategidokumentet.
--	--

<b>8. Hyllestad kommune</b>	
<b>Høyringsinnspel:</b>	<b>Innstilling frå administrasjonen</b>
Hyllestad kommune slutter seg til fylkesutvalet sitt vedtak om strategi for senterstruktur og tettstadutvikling.	Tatt til etterretning.

<b>9. Fellesnemda for Flora og Vågsøy kommune (Kinn kommune)</b>	
<b>Høyringsinnspel:</b>	<b>Innstilling frå Fylkesrådmannen</b>
Kinn kommune bør bli eit regionsenter for kysten. Strategien må settast i samanheng med kystplanen. For å realisere satsingane i kystplanen treng vi eit regionsenter på kysten av Sogn og fjordane. Kinn kommune er den naturlege organisatoriske kapasiteten som kan ta denne rolla. Gjennom langsiktig og målretta arbeid kan kinn oppnå funksjonen som naturleg senter på kysten.	Tatt til følge. Florø og Måløy er senter i BAS allereie, i tråd med vedtak i FU (sak 2/18). Florø er i tillegg lagt tilrådd å vere regionsenter for kysten. Dette er grunngitt ved at Florø er det mest utprega senteret på kysten, både med tanke på folketal, tal pendlarar og næringsliv. Ei satsing på Florø som regionsenter er òg i tråd med målsetjingane i Regional strategisk plan for kysten.

<b>10. Vågsøy kommune</b>	
<b>Høyringsinnspel:</b>	<b>Innstilling frå Fylkesrådmannen</b>
Formannskapet gjev ordførar fullmakt til å delta på uttale saman med dei andre Nordfjordkommunane via Nordfjorderådet, basert på innspel i møtet	Tatt til etterretning.

<b>11. Stryn kommune</b>	
<b>Høyringsinnspel:</b>	<b>Innstilling frå Fylkesrådmannen</b>
Lokalisering av bustadfelt må vere opp til den enkelte kommune.	Delvis tatt til følge.  Kommunen er planstyresmakt. Strategien legg likevel føringar, i form av retningslinjer, for arealbruken i ein kommune, ved å tydeleggjere viktige omsyn i kommunal arealplanlegging.

<b>12. Eid kommune</b>	
<b>Høyringsinnspel:</b>	<b>Innstilling frå Fylkesrådmannen</b>
Strategien må ta omsyn til regionreformen og vert utforma slik at ikkje tettstadane i Sogn og fjordane ikkje får dårlegare/ strengare vilkår for vekst og utvikling dei neste åra enn tettstadane i nabofylket.	Tatt til følgje. Retningslinene i strategien er utforma tett opp til retningslinene i "Regional plan for attraktive senter i Hordaland". Slik vi vurderer det har ikkje tettstadane i Sogn og Fjordane strengare/ dårlegare vilkår for vekst enn dei har i Hordaland.
Omgrepet fleirkjernestruktur bør få ein tydelegare plass i strategien og fylkeskommunen må ta del i vidare arbeid med dette.	Delvis tatt til følgje. Under 4.1 "Status og drivkrefter" er følgjande vurdering tatt inn: Vidare utvikling i Nordfjord vil krevje samordning av satsingsområde, og fordeling av oppgåver internt i regionen. Fylkeskommunen kan bidra gjennom dei generelle arenaer for rådgjeving og rettleiing som er etablerte.
Kva potensiale ligg utanfor tettstadene, og kva er vekststrategien for desse områda?	Ikkje tatt til følgje. Strategien tek føre seg utviklingsstrategiar for sentrum og tettstadar, og har ikkje som mål å skildre utviklingsstrategiar for spreiddbygde område utanfor sentrum og tettstad. Elles viser vi til at ulike typar sentrum og tettstadar er omtala under 3.2 "avgrensing av sentrum" og "avgrensing av tettstaden"
Vurdering kring kva effekt IKT og digitalisering kan ha på arbeidsmarknaden i regionen.	Tatt til følgje. Tematikken er omtala i nytt avsnitt under 4.1 «Status og drivkrefter»
Bruken av omgrepa tettstad og sentrum må vere konsekvent og sett i samanheng med kapittelet om BAS-regionar som nemner eit hierarki fylkessenter, regionsenter, senter i BAS og kommunesenter. I følgje SSB sin sentrumsdefinisjon har mange av kommunane i Sogn og fjordane ingen sentrum, men dei har jo kommunesentrum og nærsentrum. Sogn og Fjordane er spreiddbygd og desentralisert. Dette er ein kvalitet vi må utvikle i framtida. I nye Stad kommune kan vi ikkje berre satse på utvikling nære sentrum (Nordfjordeid), vi treng og gode strategiar for å sikre vekst til dømes i Selje. Strategien bør følgjast opp med midlar til tettstadutvikling.	Tatt til følgje. Innarbeida tydelegare skildring av ulike typar sentrum under kapittel 3.2 "avgrensing av sentrum".
Stadig fleire spreiddbygde område har/får aldrande innbyggjarar. Koplinga mellom kommunal tenesteyting og busetnadsmønster må kome tydeleg fram, og konsekvensane vurderast.	Delvis tatt til følgje Tematikken er nemt under 3.2 "attraktive bustadar".
Retningslinene for kjøpesenter må endrast og grensa som er fastsett må vekk/ endrast.	Ikkje tatt til følgje. Omtale ift planføresegna er gitt tidlegare.

I punkt om medverknad under retningslinjer for planprosess: bytt «dei som bur i sentrum» med «bebruarane»	Tatt til følgje.
I retningslinje for arealbruk «Nye bustader bør planleggast innanfor gå- og sykkelavstand frå sentrum», stryk «sentrum» og legg til «skule og kollektivtrasear».	Delvis tatt til følgje. Nærleik til sentrum er framleis eit kriterium, men skule og kollektivtrasear er lagt til.

<b>13. Nordfjorderrådet</b>	
<b>Høyringsinnspel:</b>	<b>Innstilling frå Fylkesrådmannen</b>
Strategien må ta omsyn til regionreforma og blir utforma slik at ikkje tettstadane i Sogn og fjordane ikkje får dårlegare/ strengare vilkår for vekst og utvikling dei neste åra enn tettstadane i nabofylket.	Tatt til følgje. Retningslinene i strategien er utforma tett opp til retningslinene i "Regional plan for attraktive senter i Hordaland". Vi kan ikkje sjå at tettstadane i Sogn og Fjordane har strengare/ dårlegare vilkår for vekst enn i Hordaland.
Omgrepet «fleirkjernestruktur» bør få ein tydelegare plass i strategien og fylkeskommunen må ta del i vidare arbeid med dette.	Delvis tatt til følgje. Under 4.1 "status og drivkrefter" er følgjande vurdering tatt inn: «Vidare utvikling i Nordfjord vil krevje samordning av satsingsområde, og fordeling av oppgåver internt i regionen». Fylkeskommunen kan bidra gjennom dei generelle arenaer for rettleiing, her under planforum og regional plansamling.
Nordfjord og Søre Sunnmøre skapar i mange samanhengar samanhengande bu-, arbeids og serviceregionar på tvers av fylkesgrensa. Desse BAS-ane bør styrkast, mellom anna ved satsing på kollektivtilbod.	Delvis tatt til følgje. Tematikken er omtala under 4.1 "Samferdsle". Tematikken må elles takast opp i regional transportplan.
Fylkeskommunen bør legge til rette for godt kollektivt rutetilbod mellom tettstadane i Nordfjord.	Delvis tatt til følgje. Tematikken er omtala under 4.1 "Samferdsle". Tematikken må elles takast opp i regional transportplan.
Sogn og Fjordane er spreitt bygd, kva potensiale ligg utanfor tettstadane og kva er vekststrategiane i desse områda?	Ikkje tatt til følgje. Strategien tek føre seg utviklingsstrategiar for sentrum og tettstadar, og har ikkje som mål å skildre utviklingsstrategiar for spreitt bygde område utanfor sentrum og tettstad. Elles viser vi til at ulike typar sentrum og tettstadar er omtala under 3.2 "avgrensing av sentrum" og "avgrensing av tettstaden"
Saknar ei vurdering kring IKT og digitalisering. Korleis kan dette hjelpe oss til ei positiv utvikling i fylket?	Tatt til følgje Omtala i nytt avsnitt 4.1 «status og drivkrefter»
Det er svært viktig for Nordfjorderrådet at regional planføresegn for lokalisering av handel og kjøpesentra vert revidert i 2018 slik at ho	Ikkje tatt til følgje. Omtale ift planføresegna er gitt tidlegare.

ikkje som i dag er til hinder for utvikling av handelsnæringa i sentrumsområda av Måløy, Nordfjordeid, Stryn og Sandane.

## 14. Gloppen kommune

### Høyringsinnspel:

Kunnskapsgrunnlaget legg stor vekt på styrking av sentrum og funksjonar knytt til tettstaden. Det omtaler lite den situasjonen mange kommunar i fylket har, med fleire mindre tettstader i same kommune, og korleis vi på best muleg måte kan sikre oss ei attraktiv utvikling også her. Levande bygder er ein viktig del av den totale attraktiviteten! Vi kunne tenkje oss at strategien også omtala potensiale og utvikling i desse områda.

Tilskotsordninga til fylkeskommunen bør ha ei skildring som i sterkare grad tek med føringane som er lista opp under retningslinjer for arealbruk.

Her er Gloppen samd i kunnskapsgrunnlaget, men utfordrar fylkeskommunen å ta ei aktiv rettleiarrolle ut mot kommunane på denne tematikken – lage kunnskapsarenaer på korleis vi skal få til dette i praksis.

### Innstilling frå Fylkesrådmannen

Tatt til følgje.  
Ulike typar sentrum og tettstadar er omtala under 3.2 “avgrensing av sentrum” og “avgrensing av tettstaden”.

Tatt til følgje.  
Ved revidering av retningslinjene for fylkeskommunen sin tilskotsordning for tettstadutvikling må desse sjåast i samheng med strategien.

Delvis tatt til følgje.  
Strategien har ingen handlingsdel .  
Vi viser difor til dei generelle arenaer for rettleiing og rådgjeving fylkeskommunen har. Attraktive bustader kan takast opp som tematikk på desse arenaene.

## 15. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

### Høyringsinnspel:

Fylkesmannen ser det som positivt at det vert utarbeidd ein strategi for senterstruktur og tettstadutvikling i Sogn og Fjordane. Grunna reduserte personressursar no og ei tid framover har vi dessverre ikkje høve til å gje fråsegn til strategiarbeidet

### Innstilling frå Fylkesrådmannen

Teke til etterretning.

## 16. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne

### Høyringsinnspel:

I avsnittet om retningslinjer for arealbruk kunne det vore skrive meir i strategien som omfattar universell utforming i tettstader. Godt tilrettelagte tettstader må vere universelt utforma, slik at alle enkelt kan ta del i samfunnet.

### Innstilling frå Fylkesrådmannen

Tatt til følgje  
Nytt punkt om universell utforming under retningslinjer for arealbruk. Og ved nytt avsnitt om universell utforming under 3.1 «Motiv for å flytte eller bli buande, Eigenskaper ved stad og miljø».

## 17. Fylkesrådet for eldre

<b>Høyringsinnspel:</b>	<b>Innstilling frå Fylkesrådmannen</b>
Under avsnittet om retningslinjer for planprosess, kulepunkt 3, bør dei eldre nemnast i tillegg til dei andre gruppene som er omtalt.	Tatt til følgje. Under avsnittet om retningslinjer for planprosess, kulepunkt 3, vert dei eldre nemnt i tillegg til dei andre gruppene som er omtalt.
I avsnittet om retningslinjer for arealbruk kunne det vore skrive meir i strategien som omfattar universell utforming i tettstader. Godt tilrettelagte tettstader må vere universelt utforma, slik at alle enkelt kan ta del i samfunnet.	Tatt til følgje. Nytt punkt om universell utforming under retningslinjer for arealbruk. Og ved nytt avsnitt om universell utforming under 3.1 «Motiv for å flytte eller bli buande, Eigenskaper ved stad og miljø» .